

FOSSDUR: «multiMORF3» på papiret. Overtonar er sentralt.

# Konsert for foss og trombone

To fossar (med sideelvar) og trombone er invitert når Knut Vaage fyller femti.

BODIL GARVIK  
RUNE NIELSEN (foto)  
bodil.garvik@bt.no

– Hattebergfossen i Rosendal. Og Steinsdalsfossen i Norheimsund, seier Knut Vaage.

– Der var vi, heile teamet, etter at eg hadde fått ideen om å ta opp lyd frå forskjellige fossar. No har vi sydd trombone-lydane saman med fosselydane, så det blir fosselyd på den eine sida av vektskåla og trombone-lyd på den andre. Der ligg dei og morfar mot kvarandre ...

– Morfar?

– Ja, gnissar, kan du seie. Morning tyder ei slags endring i tilstand. Det er ikkje godt å seie kva lyd som er kva. Men det er stort rom for trombonisten til å leike seg, lovar komponist Knut Vaage.

## Lyd- og videokunst

Knut Vaage fyller 50 år 14. oktober. BIT20 Ensemble ville heidre jubilaranten med konsert, dei har trass alt samarbeidd med Vaage sidan oppstarten for 20 år sidan. To konsertar blir det, den første i dag på Baroniet i Rosendal. Då spelar BIT20 Ensemble full konsert med musikk av Knut Vaage, inkludert urframføring av det splitter nye verket «multiMORF3».

– Multimorf tyder rett og slett at det går føre seg fleire slike endringar i tilstand samstundes på ulike nivå. Og det går frå veldig uvør til pent og vakkert, forklarar komponisten.

Vi treff Vaage i innspurten med å få «multiMORF3» ferdig. Difor kjem BIT20- og Harmonien-trombonist John-Arild Suther heseblesande opp ni etasjar (heisen står) til Bergen senter for elektronisk kunst (BEK) i C. Sundts gate, og difor er lyd-kunstnar Thorolf Tuestad og videokunstnar H.C. Gilje allereie på plass med sine datamaskiner.

Medan Gilje manipulerer videoar frå fossane, gjer Tuestad det same med lyden. Mektig sus og dur; insisterande og meditativt om kvarandre.

– Det kom med nokre sauer også, så dei er med i verket, seier han.

## Vil rekkje ut

– Ein kan ikkje ta som ei sjølvfølgje at ein har ein stad å vise



MULTIMORFING: – Dei største stykka min er stort sett berre framført ein gong. Det har skjedd at eg ikkje har høyrte dei igjen på ti år, seier Knut Vaage. I kveld skal «multiMORF3» urframførast på Baroniet i Rosendal.

## fakta

### Knut Vaage

- Komponist frå Sunde i Kvinnerød, busett i Bergen. Samboar, tre døtrer.
- Utdanna pianist og komponist frå Griegakademiet og Norges musikkhøgskole. Kjend for å utforske grensene mellom improvisasjon og komposisjon.
- Tildelt TONO sin Edvardpris i 2003 for verket «Graffiti».
- Har mellom andre samarbeidd med forfattarar som Jon Fosse, Torgeir Rebolledo Pedersen, Ove Røysbak og bestefaren, Ragnvald Vaage.
- Fekk publikumsprisen under Armel Opera Competition i Ungarn i 2010 for familieoperaen «Veslefrikk», produsert av Den Nye Opera.
- Har saman med Torgeir Rebolledo Pedersen levert operaen «Khairios» til Den Norske Opera. Skal settast opp i februar 2013.

fram samtidsmusikk. Etter 100 års modernisme må ein framleis jobbe for å få fram samtidsmusikken. Ein må freiste å kome ut til flest mogleg, seier Knut Vaage.

– Kva går folk glipp av dersom dei ikkje høyrer på samtidsmusikk?

– Ein dialekt, eit mangfald i å bli overraske. Samtidsmusikken uttrykkjer klangfargen i vår tid på ein annan måte enn popmusikken gjer. Den utgjer små forskyvingar i tidsbiletet. Det same skjer i biletkunst og litteratur, til dømes. Folk som ikkje høyrer på samtidsmusikk går difor glipp av noko som skjer i deira eiga tid.

Men det er aldri for seint, trøstar komponisten.

## Store bokstavar, mykje energi

– Ein kan kople seg på i vaksen alder. Men eigentleg er «samtidsmusikk» eit forpesta omgrep. Det kan jo vere alt frå perfekt harmoni til bråk. Omdømet gir

eigentleg ikkje mening. Men vi har ikkje noko betre omgrep.

Nokon modernist er Vaage ikkje, meiner Vaage.

– I modernismen er det om å gjere å halde seg rein i forma. Det gjer ikkje eg. Og eg er ikkje minimalist, men maksimalist – store bokstavar og mykje energi! Men eg er takksam overfor modernismen. Den som ein gong har høyrte Alban Bergs opera «Wozzeck», og tek den på alvor, vert forandra. Det er teikn på at ein har hatt ei god kunstoppleving. Noko som gjer at du i framtida har fått eit nytt referansepunkt.

Slike opplevingar kan og andre musikksjangrar gi, og ein god roman, eller eit dikt for den saks skuld, poengterer han.

– Men det er ingen garanti at ein får ei slik oppleving når ein går på ein samtidsmusikk-konsert. Særskilt ikkje når ein

er blitt vaksen. Då blir ein meir forherda; opplevingsjunkie som jaktar på store opplevingar. Men det er viktig å vere open.

## Medisin mot skrikande babyar

– Korleis skal samtidsmusikken skaffe seg meir publikum?

– Byrje med å indoktrinerer borna! Små babyar er glade i glissandoar – du kan plystre ein glissando, så sluttar dei å hyle. Eg har prøvd sjølv!

«Det er ikkje godt å seie kva lyd som er kva»

KNUT VAAGE, KOMPONIST

Etter Rosendal held musikkdelen av femtiårsjubileet fram med konsert søndag 14. august i Trolldalsalen på Trolldalen, der BIT20 vil presentere Knut Vaage sitt verk «Odysse»; ein sitatleik med Grieg.

Sjølv bursdagen er 14. oktober. Dagen skal feirast med fest på Verftet. Verk signert jubilaranten står ikkje på programmet den kvelden.

# Musikk for trombone og foss

Hattebergfossen er blitt musikk. Den spesielle opplevinga kan du få i baroniet komande fredag.

Samtidskomponisten Knut Vaage frå Sunde har fanga tonar frå den mektige Hattebergfossen i stykket «Multimorf 3 for trombone og foss».

– Fossar inneheld alle tonar som finst, og vi høyrer dei samtidig i eit enormt energitrykk, seier komponisten.

Han er denne gongen ikkje åleine om å skapa fosseduren om til eit musikalsk kunstverk. På laget har han med seg videokunstnar HC Gilje og lyddesignar Thorolf Thuestad. Førstnemnde har teke opp film frå Hattebergfossen og Steinsdalsfossen og omgjort denne til kunstuttrykk. Videoen vert vist når musikken vert framført av ein einsleg mann på trombone; solisten John-Arild Suther. Lydbildet vil likevel bli mektig, forsterka som det er av Thorolf Thuestad sine finpusa lydopptak frå fossefall og trombonetonar.

– Vi fire har jobba tett saman, og alle har sett preg på resultatet, seier Vaage som likar å ha kollegaer, til ei avveksling, og som ser fram til urframføringa i baroniet.

## Spinnvilt

– Det var Suther sin idé, fortel komponisten. – Etter ei sterk oppleving ved eit fossefall, gjekk det opp for han at lyden måtte vera eit godt utgangspunkt for eit musikalsk verk.

Vaage har gitt musikken stort rom for improvisasjon. Verket er samansett av 10 modular, og Suther kan sjølv velja kva for rekkefølge dei skal koma i og kor sterkt uttrykket skal vera.

– Solisten er sjølv dirigent for «orkesteret» som består av Thuestad sine lydopptak og Gilje sin videokunst. Ved hjelp av pedalar og avansert elektronikk sit Suther med den fulle kontrollen, seier komponisten og legg til:

– Resultatet er på sett og vis spinnvilt, med for eksempel mange trombonar oppå kvarandre. Mykje arbeid ligg bak, og vi håpar musikken vil gi publikum ei god naturoppleving,



I FOSSEDUR OG MOLL: Gjengen i arbeid ved Hattebergfossen. F.v.: komponist Knut Vaage, videokunstnar HC Gilje, lyddesignar Thorolf Thuestad og musikal John-Arild Suther. (Privat foto).

seier Vaage om det utradisjonelle og eksperimentelle verket.

## Grieg i ny drakt

Knut Vaage har meir på programmet denne fredagskvelden i baroniet. To musikalske verk av samtidskomponisten vil bli framførte av det viktige samtidsmusikkorkesteret BIT20 Ensemble frå Bergen. Tillsiks med «Multimorf 3» vil også desse ha tilknytning til naturen og landskapet. Stykket «Moment» tek lyttaren med ut i landskapsliknande strukturar i musikken.

– Her er det ikkje rom for improvisasjon, men orkesteret

vel sjølv kor mange av i alt fem modular som skal framførast. Denne gongen vil vi få høyra to modular, seier Vaage som røpar at musikken begynnar spekulere og byggjer seg opp til eit lyst register.

Det tredje musikkestykket heiter Odysse, resultatet av heilhjarta leik med og reise gjennom «Griegs lyriske stykker op. 54».

– Edvard Grieg er kritisert for ikkje å ha laga dei store komposisjonane og symfoniane. Men eg spelar på lag med Grieg og har prøvd å få fram det store i ei rekkje av småstykkane hans, røpar Vaage om nykomposisjonen.

Grieg sine stykke ligg heile tida på lur, men samansmelta og innpakka i moderne kledning.

– Eg flyttar musikken frå nasjonalromantikken og inn i vår tid, seier Vaage.

Knut Vaage vil sjølv vera tilstades under konserten. Det vil òg professor i kunsthistorie Gunnar Danbolt. Oppgåva hans er å introdusera musikken for publikum. Dermed ligg det meste til rette for ei grensesprengjande oppleving i Borggarden på fredag.

Trude Aarsand  
trude@kvinnheringen.no

**Kvinnheringen**

– for 25 år sidan

Fredag 8. august 1986

## Kloakkflaum på Sunde

I 14 dagar har papir og diverse frå det offentlege toalettet på Sunde velta opp frå ein kum like ved. Det illeluktande og lite delikate innhaldet renn forbi inngangen til det gamle Thorsen-huset og ned mot busstoppen.

Huseigaren skreiv til kommunen for halvanna veke sidan, men ikkje noko har skjedd. Han kontakta helserådet, men fekk til svar at ingen i helserådet er å treffa i ferietida.

Ved Teknisk etat får Kvinnheringen opplyst at planen er å gjera noko med saka på måndag når folk kjem att frå ferie.

## Flyttar frå øya

Etter 11 år med fulltids gardsbruk på heimstaden tek Gudmund A. Snilstveit og kona Judith borna på fire år og tre veker, med seg frå Snilstveitøy for å ta til med noko nytt ein annan stad.

– Vi gjer det for borna si skuld. Dei må ha lag når dei veks opp. Men det var inga lett avgjerd; det måtte bli no eller aldri.

Snilstveit er utdanna maskinist og prøver å finna seg arbeid i det yrket.

På øya har dei 50 mål jord, og det er altfor lite, det er berre for småbruk å rekna.

## MC – ein del av barndommen

Lege og motorsyklist Terje Vevatne meiner ein ikkje løyser problemet med motorsykkellulukker ved å heva aldersgrensa. Tvert om, det blir fleire lovbrutarar. Motorsykkelopplæring må bli ein del av barnepedagogikken, meiner han.

– I femårs-alderen må born få høve til å køyra små ufarlege motorsyklar på lukka bane. Då får dei innøvd dei rette impulsane og erfaringane før dei kjem ut i trafikken. Slik opplæring har dei i Sverige, og der har talet på motorsykkellulukker gått ned blant dei som har nytta seg av tilbodet.

## Dårlege utsikter for brislingfisket

Indre delar av Hardangerfjorden er stengd for brislingfiske. Lenger ute kan det bli fiske. Det er dårlege utsikter for brislingfisket i år. Fisken er både liten og mager.

## Rosemarkering i Ølve

29. juli var det ei markering for offera etter tragediane ved Utøya og Regjeringskvartalet ved Ølve kyrkje. Siriann Solheim tok spontant om morgonen initiativ til rosemarkeringa. Bodskapen breidde seg ved SMS-meldingar, og det var ca. 100, i alle aldrar som møtte opp. Det ein kunne merka seg, var at 1/4-del var unge i alderen 10-18 år. Det blei ei varm og verdig markering med allsong, helsingar og godord om å vise medfølelse og å ha omsorg for kvarandre. Vi må vinna over angst og sinne og bli endå sterkare saman i framtida. Alle la ned

rosar og mange tende lys som vi plasserte på muren rundt kyrkja. Ei fin oppleving, - sjølv i lys av den tragiske hendinga ved Utøya og i Regjeringskvartalet. Takk til Siriann og dei andre framførte.

Sølvi Ulvenes

MARKERING: Ein ung representant for markeringa; Helene Petterson (Ulvenes), 3 år.



## Galtung om 22. juli

Den kjende professoren Johan Galtung held føredrag på Baroniet i morgon kveld, nærare bestemt i Den røde sal.

Fredsforskaren sitt føredrag skulle opphavleg omhandla

«Litt om fred, om Norge, og om å vera profet i eige land». Men etter terroråtaka i Oslo og på Utøya, har Galtung valt å endra tittel og innhald til «Litt om fred, om Norge, og om 22. juli». Interessant blir det heilt sikkert uansett.

Galtung (fødd 1930) studerte matematikk og sosiologi i

Oslo og Bergen. Etter at han vart professor ved Columbia University i New York, kom han tilbake til Norge og starta PRIO, Institutt for Fredsforskning i Oslo i 1959. Han vart verdas fyrste professor i fredsforskning ved

Universitet i Oslo 1969-77. Galtung har mekka i over hun-


dre konflikter, og utgitt omlag 150 bøker.

Morten Nygård  
morten@grenda.no

Professor Johan Galtung held føredrag på Baroniet i morgon kveld. (Pressefoto).



# Stemningsfullt besøk



Anne Grete Preus er eit sikkert kort i Baroniet sin raude sal.

«Besøk» med tekst av Jens Bjørneboe var blant visene ei opplagt Anne Grete Preus serverte publikum i Den røde sal.

Anne Grete Preus er blant dei trufaste sommarartistane på Baroniet, og fredag kveld heldt ho to konsertar på slottet. Ho gjorde entré i svarte klede frå topp til tå, men hennar breie

smil avslørte tydeleg at ho var glad for å vera attende.

– Det er veldig hyggeleg å vera tilbake på den vakraste konsertscena eg har i løpet av året, med det penaste publikummet, smi-

gra ho.

Sjølv om konserten opna med ein sommarleg tone i vakre «Sommerfuglvinger», gjorde Preus det raskt klart at det er umogleg å vera musikal utan å vera prega av det som har skjedd i landet vårt. No sette heldigvis ikkje det eit for sterkt preg på repertoaret, og at Bjørneboe sin antikrigssong «Vise om byen Hiroshima» vart framført var berre rett og rimeleg.

### Kongen

Anne Grete Preus vedgjekk at ho var blitt ein stor fan av Kongen.

– Han verkar rett og slett som ein hyggeleg fyr, konkluderte ho.

Ho viste til Kongen sin nyttårstale i 2008, same året Blå kors fekk inntektene frå TV-aksjonen. Kong Harald hadde møtt barn med alkoholproblem i familien, og i talen oppmoda han om «å læra oss å se det vi ser». Denne linja inspirerte Preus til å skriva «Lær meg», som ho spelte på salen sitt gamle piano.

Ein konsert med Anne Grete Preus kan eigentleg ikkje gå feil, til det har ho altfor mange klassikarar i songboka si. Men «Born-

holm kafé» frå 2009, som ikkje er blant hennar mest kjente, var kanskje kveldens høgdepunkt.

– Vi som er frå Norge bur i ein utkant. Men sentrum i livet er der vi sjølv er, introduserte ho denne komposisjonen med.

### Overraska

Avslutningsvis følgde det sterke trekløveret «Fryd», «Har alt» og «Millimeter». Hovudtyngda av konserten framførte artisten ståande rett opp og ned med gitaren sin, heilt utan tekniske hjelpemidlar. Det skapte ein ekstra nærleik til publikum, noko som vart forsterka ved at deler av repertoaret vart bestemt undervegs. Til dømes kom ho inn til ekstranummer og spurde kva vi ville høyre. Ein neve var raskt i veret og føreslo «Verden er et vakkert sted».

– Oi, det må vi prøva å få til, sa ein overraska musikal.

Men det viste seg å vera eit usedvanleg godt forslag. Siste nummer var Erik Bye sin «Vår herres klinkekuler», og den gjorde Preus nærast til sin eigen.

Morten Nygård  
morten@grenda.no

## Hattebergfossen i konsert

Komponist Knut Vaage frå Sunde fyller 50 år i haust. I det høvet vert det ei heilt spesiell urframføring på Baroniet fredag kveld.

Musikarane frå BIT20 Ensemble i Bergen har samarbeida med Vaage sidan oppstarten deira for over tjue år sidan. Dei ønskjer derfor å heidra den dyktige komponisten med to konsertar, kor av éin går av stabelen i Borggården i Baroniet.

– Konserten er fullt og heilt i regi av det profesjonelle BIT20 Ensemble, og det vert ein tydeleg todelt konsert. I fyrste del framfører dei to stykke eg har komponert, «Moment» og «Odysse». I den andre delen

vert det ei urframføring av eit heilt spesielt, nykomponert verk: «multiMORF 3 for trombone og foss», der trombonen smelter saman med lyden av fossefall, fortel Knut Vaage til Grenda.

Ideen til det svulstige og nyskapande lyverket av Vaage vart til etter at trombonist John-Arild Suther var på teltur og vakna opp til lyden av ein foss.

– Min teori er at lyden av ein foss inneheld alle tonane som finst. Utfordringa har vore; korleis systematisera noko der alle tonane er representerte? Det synest eg vi har løyst på ein snedig måte, der trombonen og fossen spelar saman, og der vi tydeleg viser at fossen og trombonen treff

kvarandre i overtonespektret, forklarar Vaage.

### Nytt møte

Energittelleiken i såkalla kvit støy, som fossen avgjer, er konstant. Vaage forklarar at bruken av denne lyden, saman med trombonen, derfor skaper ein sterk energi som publikum kan sjå fram til å oppleva.

– Det heile er veldig bearbeidd. Ein møter ikkje berre lyden av ein foss, den kan ein møta åleine, ute i naturen, når ein vil. Det som skal skje i Borggården, ved hjelp av instrument, elektronikk og video, er at ein møter fossen på ein heilt ny måte, lokkar Vaage.

Fossane det er teke lydopp-

tak av er Hattebergfossen i Rosendal og Steindalsdalsfossen i Norheimsund. John Arild Suther spelar trombone, Thorolf Thuestad står for elektronikken/lyddesignet, medan HC Gilje står bak videoen. Baldur Brønningen er dirigent, medan professor Gunnar Danbolt skal introdusera stykka for publikum.

– Det vert på mange måtar eit moderne stykke publikum skal få oppleva, men eg vil påstå at det ikkje er vanskeleg å høyra på av den grunn. Eg trur og vonar at publikum får seg ei heilt spesiell oppleving, og stykket skal etter urpremieren i Baroniet framførast ute i den store verda i haust, seier den spente jublant.



Knut Vaage vert hylla med konsert i Baroniet fredag kveld. (Arkivfoto.)

Elisabeth Berg Hass  
elisabeth@grenda.no

**Tips oss: Hjelp oss å gi deg den beste pulsdekningen****Ann Kristin Ødegård**  
413 30 099  
ann.odegard@ba.no**Karen Mortensen**  
977 86 741  
karen.mortensen@ba.no**Tove Gulbrandsen**  
934 31 251  
tove.gulbrandsen@ba.no**Nils Olav Søverås**  
911 43 610  
nils.severas@ba.no**Frank Johnsen**  
909 79 841  
frank.johnsen@ba.no**Per Randers Haukaas**  
918 45 604  
per.haukaas@ba.no**Bjørn Ove Mørch Larsen**  
481 50 034  
bjorn.larsen@ba.no**Ørjan Nilsson**  
928 098 88  
orjan.nilsson@ba.no**Innbrudd**

Det har vært innbrudd i huset til avdøde Amy Winehouse. The Sun skriver at sangerens far, Mitch, er rasende etter at han angivelig oppdaget at noen har tatt kopier og stålet utgitte låter, diktbøker og brev. Mitch Winehouse tror en av sangerens bekjente kan ha sneket seg inn i huset til datteren.

**Setter Grieg inn i samtidsmusikk**

- Hadde det vært på Griegs tid måtte jeg spurt om lov, sier Knut Vaage. Han blander Grieg og modernistisk musikk, og verket fremføres på Trolldaugen.

**BERGEN**

**Ann Kristin Ødegård**  
ann.odegard@ba.no

- Jeg har plukket et opus med lyriske stykker av Grieg som jeg synes er spesielt bra. Og så har jeg re-komponert det, forteller Knut Vaage.

«Odysse» var et bestillingsverk fra bergenskomponisten i 2002, men nå blir det fremført av BIT20 ved Edvard Griegs hjem i Trolldalsen.

- Det er kanskje litt lite ærbødig å tukle med de store mestrene. Det gjør jeg ganske mye, sier Vaage med et smil. Og viser til at det tidligere i musikkhistorien var vanlig å bruke ideene til hverandre. Men Knut Vaage tror verket er ærbødig til Grieg.

- Det er på en måte en fordypning i Griegs univers, der jeg kan til late meg å være ganske frekk.

- Hva tror du de som elsker Griegs musikk vil synes?

- Nå skal det jo fremføres i Griegs høyborg. Jeg har aldri hørt noe negativt om dette stykket før. Det er antakelig noen der ute som klarer å irritere seg over det. Men det fins viktigere ting å irritere seg over i dag. Alle DJ-er gjør jo det samme, mener Vaage.

Komponisten fyller 50 år i høst, og BIT20 fremfører også hans «Multimorf 3» for trombone og foss på Baroniet i Rosendal i kveld. Det spilles i tillegg i København under Integra-festivalen.



**RESPEKTFULLT:**  
- Jeg er en person som har kjærlighet til Griegs musikk, sier komponisten Knut Vaage.

FOTO: OBSERVATORIET

” Det er en slags samtale med Grieg med positivt fortegn.

KNUT VAAGE OM VERKET «ODYSSE».

Dyr folkefest: Bruker flere hundre tusen på å flytte scenen

**Mye frem og t**

For Bergensfilharmonien vil ikke spille på Bergenhust Festning.

**BERGENHUS**

**Frank Johnsen**  
frank.johnsen@ba.no

Scenebygget på Bergenhust Festning har vært brukt på konsertene med Joe Cocker og Kim Larsen.

Det skal også brukes der på konsertene med John Olav

Nilsen & Gjengen og Kaizers Orchestra.

Men i mellomtiden skal den på en aldri så liten utflykt...

**Rigges opp og ned og opp**

Til helgen skal nemlig Bergen Filharmoniske Orkester kjøre sin årlige gratistkonsert i Bergen i morgen, blant annet med Lars Vaular og Young Dreams.

Det skal foregå på Torgallmenningen.

Dermed må scenen må rigges ned på Plenen, flyttes innover i sentrum, rigges opp der, for så å tas ned igjen et-

terpå - og flyttes tilbake til Plenen for ny opprigg.

**Torgallmenningen**

Bakvendt?

- Kanskje det. DNB Nor og vi har et mål om å etablere denne folkefesten på Torgallmenningen, midt i byens hjerte. Dette er det beste byrommet for en slik konsert, sier Henning Maalsnes i BFO til BA.

Klokken 1900 i morgen braker det dermed løs med Bergensbølgen i symfoni. Gratistkonserten - som altså skjer på Torgallmenningen - hu-

ser blant andre Lars Vaular, Young Dreams og Ragnhild Hemsing, samt Harmonien selv.

- Det gikk ikke an å flytte arrangementet?

- Vi vurderte å gjøre det på Plenen, siden scenen sto der, men alle var veldig klar på at vi ville til Torgallmenningen, sier Maalsnes.

PS: Hvis det kommer 10 000 publikummere, gir DnB Nor 100 000 kroner til Kirkens Bymisjon.



...ER LIKE LANGT: Denne scenen skal brukes på «Bergensbølgen i symfoni» på Torgallmenningen. Å flytte den frem og tilbake



## Vaage i Baroniet Rosendal

**KONSERT:** Komponisten Knut Vaage fyller 50 år i haust. BIT20 Ensemble har samarbeidd med han heilt sidan starten av ensemblet for over 20 år sidan og vil heidra komponisten, med bustad Bergen og fødestad Sunde i Kvinnherad, med to konsertar. Programmet inkluderer urframføring av stykke for trombone og foss med elektronikk og video.

Fredag 12. august spelar BIT20 Ensemble ein full konsert med musikk av Knut Vaage i Baroniet Rosendal. Programmet inkluderer urframføring av multiMORF3, eit heilt nytt verk for trombone, elektronikk og video, laga av Vaage i samarbeid med videokunstnar HC Gilje og lydkunstnar Thorolf Thuestad. Som basis for stykkets elektroniske materiale og

video er blant anna lyd- og videoopptak av Hattebergfossen.

Sundag 14. august presenterer BIT20 Vaages verk Odyssé, der han leikar med sitat frå Grieg, på konsert i Troldsalen.

# Stormønstring av kystkultur

**Den offisielle opninga skjer i Oslo på laurdag, men Sunnhordland kjem sterkt med ei rekkje tilskipingar.**

Den tradisjonelle verva-dagen på Jensaneset i Sagvåg har vore eitt av dei faste bidraga i Stord kommune i Kystsogeveke.

– Vervadagen utgår diverre i år, grunna diverse grunnarbeid i området, står det å lesa i programmet for den femtande utgåva av Kystsogeveke.

Ting skjer likevel på Stord. Baking og pilebinding er noko av det du kan oppleve på den opne dagen i Sunnhordlandstunet ved Sunnhordland museum på Leirvik 3. september. Helga etter skjer det store ting på Huglo.

– Der vert det snorklipping av ei gravrøys frå bronsealderen, foredrag og aktivitetar og born kledde i bronsealderklede, forklarer Lena Eikeland Kutschera, dagleg leiar i Stiftinga Kystsogeveke.

### 200 tilskipingar

Det er NRK-profilen Dag Lindebjerg som står for den offisielle opninga på

Osøyro laurdag. Etter det går det slag i slag med om lag 200 tilskipingar i dei 20 kommunane frå Sveio i sør til Gulen i nord som er med i samarbeidet, fram til avslutning 18. september.

På Bømlo vert det både Kystsogedagar i Langevåg og Kanaldagane, her vert det også Goddodagdar og Brandasunddagar. I Moster Amfi blir det ei eiga kystsogeutstilling, og på Espevær kan du vera med på kystsogedagen i Baadehuset.

I Sveio inviterer kystlaget ut på sjøen - ut i båt, og det vert også høve til å få med seg temadag om kjøkkentekstilar i Sjøhuset i Buavåg. Kystkulturdagane på Sunde er Kvinnherad sitt bidrag, på Fitjar kan du høyra forteljinga om Madli under apalen 1. september. Det er Johanne Øvstebø Tvedten som fortel, bygd på Jens Tvedt sine romanar Madli und' apalen og Guds løn.

### Dansegalla og torgdag

Tysnes vartar opp med dansegalla i Tysneshallen 20. august, husflidsmesse same stad 17. og 18. september. Tek du turen til Austevoll til helga, så er det mellom anna torgdag på kaien i Bekkjarvik og

midnattskonsert med Rein Alexander i Stolmen kyrkje laurdag 13. august.


Skjulte skattar - spor i landskapet er tema for årets kulturminnedag 11. september. Bronsealdergravrøysa på Huglo er alt nemnt, der vert det foredrag med utflytta stordabu Bård Gram Økland og tur til gravrøysa med snorklipping og avduking av informasjonstavle. Ballastrøyster og handel over havet er tema på Tysnes denne dagen, der Mikal Heldal vil kåsera om handelen over havet mellom folka på Shetland/Orknøyane og Vestlandet i farne tider. I Sveio kan du vera med på tur i Vikseområdet kor gullringen frå Vikse, datert bronsealderen vart funnen.

LARS MÆLAND

lars@sunnhordland.no

Johanne Øvstebø Tvedten skal i aksjon som forteljar på Fitjar under Kystsogeveke, då det også blir ny open dag ved Sunnhordland museum. Her instruerer Øvstebø Tvedten Mussi (5) og Juliana (6) i eit somalisk klinkkulespel.

ARKIVFOTO



## dvdnytt KRISTIAN SOLTVEDT

### Pakistansk skrekk

I norske butikkyller kan du no finna noko så sjeldan som ein pakistansk skrekkfilm. Det som skal vera landets aller første splatter-film er ein underleg miks av rotne zombiar og dysfunksjonelle familiar fulle av innavl. Filmen er laga som ein hyllest til skrekkfilmkongen George A. Romero sine klassiske zombiefilm sett frå eit pakistansk perspektiv.

I den fantasifulle historia har fem unge menneske køyrd seg vill på veg til rockekonsert. Det går snart opp for dei at dei ikkje er åleine ...

Området er nemleg fullt av menneskeetande zombiar. Marerittet skyt heretter fart og blir meir og meir skummelt. Brått

dukkar det nemleg opp ein frykteleg skapning som er iført ein blodig burka og har ei morgonstjerne i handa.

Det kan nemnast at filmens originaltittel «Zibakhana», tyder «Slakteri»- ein tittel som passar som hand'i hanske med handlinga ...

2-diskaren inneheld i tillegg kulturfilm «Dracula in Pakistan» frå 1967 og dokumentar, musikkvideo, etc. Ein DVD for deg som likar filmar litt utanom det vanlege!

### Nytt frå Jackson

Regissør Peter Jackson si karriere skaut for alvor fart med «Lord of the Rings»-filmene. Mannen frå New Zealand er ein særskild dyktig filmskapar og er no DVD-aktuell

med filmen «The Lovely Bones». Me møter her talentfulle skodespelarar som Mark Wahlberg, Rachel Weisz, Susan Sarandon og Michael Imperioli.

Den usedvanlege historia handlar om livet til ei ung jente, og ikkje minst om livet hennar i det hinsidige.


Når 14 år gamle Susie Salmon blir drepen, etterlater ho seg eit liv som berre såvidt hadde byrja. Frå staden sin i ei rar, men vakker mellomverd, må ho no hjelpa faren sin med å finna mordaren og beskytta familien før ho kan gå vidare. I den nervepirrande thrilleren er spenning og kjærleik dei store stikkorda. Blu-ray/DVD-en inneheld også m.a. ein introduksjon av Jackson sjølv.

### Vakre Portman i komedie

«No Strings Attached» møter me Natalie Portman og Ashton Kutcher i hovudrollene. Suksesskomedien fekk varm kritikk også frå media, og i magasinet Elle blei den omtala som «Smart and Sexy»....

Filmen omhandlar to single vener som bestemmer seg for å gå til sengs saman. Emma er ein travel lege som ser ut til å ha funne den perfekte løysninga når ho tilbyr bestevenen Adam eit reint fysisk forhold med berre eit vilkår: Ingen forpliktelsar...

Spørsmålet er om dei kan bevare venskapet opp i det heile.



les fleire omtalar på  
sunnhordland.no